

Arkoconsult AS
 Postboks 103
 5291 VALESTRANDSFOSSEN

Referanser:
 Dykker:
 Vår: 20/6460 - 20/25509

Saksbehandlar:
 Linda Hammersvik Folkestad
 linda.folkestad@alver.kommune.no

Dato:
 05.05.2020

Mellombels svar på søknad om avkjørsle KV 1040 - GBNR 123/76, Risa

Alver kommune ved samferdel, veg-, vatn- og avløp forvaltning viser til søknad om avkjørsle frå kommunal veg for tomannsbustad på gbnr 123/76.

Innsendt situasjonskart viser at avkjørsle skal etablerast nært eit kommunalt vegkryss. Avkjørsle er ikkje vist med målsett svingradius. For å sikre at avkjørsle ikkje kjem for nær kommunal vegkryss, ber vi om ei oppdatert situasjonsplan som viser avkjørsla med svingradius $r = 4$ m. Situasjonskart må vise siktsone i avkjørsle, samt regulert siktsone i vegkryss.

Ber om at dette vert sendt inn så snart som mogleg.

Merknad til lengdeprofil:

Vegavdelinga har registrert at det er på situasjonsplanen er vist til lengdeprofil gjennom KV1039. Lengdeprofil viser at ein har tenkt å endre eksisterande terräng i sikkerheitsona til kommunal veg. Ei veg sin sikkerheitssone vert definert ut frå fartsgrensa og vegen sin ÅDT (vegnormal N101Rekkverk og vegens sideområde). Ved fartsgrense 30 km/t er sona satt til minimum 2,5 meter (målt frå kant kommunal veg).

Sikkerheitsona skal sikre at kjøretøy som kjem utanfor vegbana har moglegheit til å stoppe og kontrollert kan vende tilbake til vegbana. Sikkerheitsona skal også sikre at kjøretøy ikkje havner på areal der mennesker kan opphalde seg. Normalt vil kjøretøy ikkje velte ved helningsgrad 1:3 og 1:4. Føraren vil ikkje klare å gjennvinne kontroll slik at kjøretøy ender opp i skråningsfot. Ein får tvungen føring av kjøretøy ned mot skråningsfot (mot bustad og parkeringsareal).



Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug post@alver.kommune.no Kontonummer: 13207 29 30559
 Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00 www.alver.kommune.no Organisasjonsnummer: 920 290 922

Sikkerheitsona er ei del av vegen sitt eigedomsområde (gjeld uavhengig av kven som står oppført som grunneigar). Det betyr at alle tiltak som skal utførast i sikkerheitsona krev løyve frå vegmynde etter § 57 i Veglova. Vegmynde vil i sin godkjenning setje krav til kantsikring langs kommunal veg.

Merknad til mur vist på situasjonsplan:

Langs eigedomsgrensa er det etablert kommunalt leidningsnett. Mur vist på situasjonsplan kjem nærmere offentlig leidningsnett enn avstandskrav på 4 meter (jf. «Standard abonnementsvilkår for vatn og avløp – Administrative bestemmelsen» avsnitt 3.4). Tiltaket krev difor dispensasjon. Søknad med målsett situasjonsplan og lengdesnitt (som viser plassering av mur i forhold til leidningsnett) må sendast til Alver kommune v/samferdsel, veg-, vatn- og avløp forvaltning.



Med helsing

Arne Helgesen
Avdelingsleiar
Samferdsel, veg-, vatn- avløp-forvaltning

Linda Hammersvik Folkestad
Ingeniør
Samferdsel, veg-, vatn- avløp-forvaltning

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Arkoconsult AS

Postboks 103

5291

VALESTRANDSFOSSE
N